

SAMFUNNSFAG

Skuletrinn: 10. trinn

Skuleår: 2026/2027

Læremiddel: Arena 10, Aunivers

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i samfunnsfag inneber å kunne lytte til, tolke, formulere og fremje meiningar, gi respons og diskutere med andre. Å få tak i andre sine meiningar og stille oppklarande og utdjupande spørsmål inngår òg. Utviklinga av dei munnlege ferdigheitene går frå å uttrykkje eigne meiningar, ta ordet etter tur og lytte og gi respons til andre, til å ta ulike perspektiv og grunngi argumentasjon i større årsakssamanhengar. Utviklinga inneber vidare i aukande grad å fortelje om samanhengar, drøfte faglege spørsmål og handtere meir kompleks informasjon og å forstå korleis ulike uttrykksmåtar påverkar budskap og mottakar.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i samfunnsfag inneber å planleggje, utforme og arbeide med tekstar som er tilpassa formålet med skrivinga. Det inneber òg å dele, formidle og presentere kunnskap og informasjon skriftleg og å bruke samfunnsfaglege omgrep, byggje opp argumentasjon og utforske og problematisere samfunnsfaglege tema. Vidare inneber det å kunne dokumentere og presentere resultat av samfunnsfaglege undersøkingar skriftleg. Utviklinga av skriveferdigheiter i faget går frå å formulere enkle faktasetningar og spørsmål og vise til kjelder, til å skrive fagtekstar, drøfte problemstillingar og vise til meir komplekse kjelder.

Å kunne lese

Å kunne lese i samfunnsfag inneber å utforske, tolke og reflektere kritisk over ulike historiske, geografiske og samfunnskunnskaplege kjelder. Vidare inneber det å finne informasjon og bevisst velje og velje bort ulike kjelder. Å lese inneberer å reflektere over korleis ståstad og perspektiv påverkar ulike kjelder, kjenne att argumentasjon og å skilje mellom meiningar, fakta og påstandar. Utviklinga av leseferdigheiter i faget går frå å bruke få og tilrettelagde kjelder til sjølv å finne og samanlikne informasjon i eit større mangfald av kjelder med større kompleksitet.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i samfunnsfag inneber å kunne innhente, arbeide med, analysere og vurdere talmateriale og store data i lys av kontekst og for å ta stilling til samfunnsspørsmål. Vidare inneber det å bruke tidslinjer og målestokk til å utforske og presentere historiske og geografiske forhold og sjå samanhengar. Å kunne arbeide med problemstillingar knytte til økonomi og forbruk, og samanhengen mellom disse, inngår òg. Utviklinga av rekneferdigheiter i faget går frå å tolke konkrete og enkle tabellar og grafiske framstillingar til å kombinere og analysere større datamengder og sjå endringar over tid. ”

Digitale ferdigheiter

Samfunnsfag har eit særleg ansvar for at elevane utviklar digitalt medborgarskap. Digitale ferdigheiter i samfunnsfag inneber å kunne bruke digitale verktøy til å finne, behandle og navigere i digitale kjelder, utøve digital kjeldekritikk og velje ut relevant informasjon. Det handlar òg om å kunne kommunisere, samarbeide og skape digitale produkt og om å følgje reglar og normer for nettbasert kommunikasjon, personvern og opphavsrett. Ferdigheita inneber òg å vareta informasjons- og datasikkerheit. Utviklinga av digitale ferdigheiter går frå å utforske og bruke digitale ressursar, til å søkje og velje informasjon sjølvstendig og til å vise god digital dømmekraft når ein vel informasjon, bruker digitale ressursar og kommuniserer digitalt.

Tema: 1. Mangfald

Periode: veke 34-35

Læringsmål: Elevane skal utvikle forståing for mangfald og kunne reflektere over korleis fordommar, haldningar og rasisme påverkar menneske og samfunn.

Kvifor skal elevane lære dette: Elevane skal lære om mangfald, fordommar og rasisme for å utvikle respekt og forståing for menneske med ulik bakgrunn og ulike identitetar. Dei skal kunne kjenne igjen og motarbeide fordommar, diskriminering og rasisme, både i samfunnet og i digital samhandling.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
- reflektere over likskapar og ulikskapar i identitetar, levesett og kulturuttrykk og drøfte moglegheiter og utfordringar ved mangfald - utforske og beskrive korleis menneske- og urfolksrettar og andre internasjonale avtalar og samarbeid har betydning for nasjonal	Identitetsutvikling og fellesskap – handlar om identitet, tilhøyrse, samhandling og korleis menneske og fellesskap blir	Folkehelse og livsmeistring – identitet, fellesskap, tilhøyrse, respekt,	- Lære om fordommar og haldningar, og korleis dei kan påverke menneske og samfunn. - Utforske rasisme, ulike former for	Presentasjonar, fagsamtalar, kreative oppgåver, munnleg deltaking.
				Materiell

politikk, livet til menneske, likestilling og likeverd - gjere greie for fornorsking av samane og dei nasjonale minoritetane og uretten dei har vore utsette for, og reflektere over kva konsekvensar det har hatt og har på individ- og samfunnsnivå - reflektere over korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og utfordra i ulike fellesskap, og presentere forslag til korleis ein kan handtere påverknad og uønskte hendingar - drøfte korleis framstillingar av fortida, hendingar og grupper har påverka og påverkar haldningane og handlingane til folk	påverka av ulike forhold. Demokratiforståing og deltaking – handlar mellom anna om menneskerettar, minoritetar, medverknad og ulike perspektiv. Samfunnskritisk tenking og samanhengar – handlar om å sjå samanhengar, analysere makt og vurdere saker frå ulike perspektiv.	toleranse og mangfald. Demokrati og medborgarskap – demokratiske verdiar, ulike perspektiv, meiningsbryting og aktivt medborgarskap.	rasisme og konsekvensane av rasisme. - Arbeide med digital samhandling og korleis haldningar og fordommar kan kome til uttrykk på nett. - Diskutere og reflektere over eigne og andre sine haldningar til mangfald. - Analysere konkrete døme og skilje mellom fordommar, stereotypiar, diskriminering og rasisme. - Arbeide med ulike perspektiv gjennom diskusjonar, case og refleksjonsoppgåver. - Reflektere over korleis ein kan bidra til inkludering, respekt og toleranse.	Arena, Aunivers, Påstandskort. Emne: Mangfald
--	--	--	---	--

Tema: 2. Demografi, befolkningslære

Periode: veke 36-38

Læringsmål: Elevane skal forstå korleis demografiske forhold varierer og endrar seg, og kunne forklare og reflektere over kva konsekvensar dette har for menneske og samfunn.

Kvifor skal elevane lære dette: Elevane skal lære om demografi for å forstå korleis og kvifor folketalet i verda endrar seg, og korleis dette påverkar menneske, samfunn og ressursar. Kunnskap om demografi gjer det lettare å forstå aktuelle samfunnsutfordringar og framtidige behov.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
- samanlikne korleis politiske, geografiske og historiske forhold påverkar levkår, busetjingsmønster og demografi i forskjellige delar av verda i dag - beskrive ulike dimensjonar ved berekraftig utvikling og korleis dei påverkar kvarandre, og presentere tiltak for meir berekraftige samfunn	Samfunnskritisk tenking og samanhengar – sjå samanhengar mellom geografiske, historiske og	Berekraftig utvikling – elevane skal forstå korleis levkår, levesett og demografi heng saman, og reflektere over	Lære sentrale omgrep som demografi, folketal, fødselstal, dødstal, levealder og folkevekst.	Presentasjonar, fagsamtalar, kreative oppgåver, munnleg deltaking.
				Materiell

vurdere korleis arbeid, inntekt og forbruk kan påverke personleg økonomi, levestandard og livskvalitet	samfunnsmessige forhold. Berekraftige samfunn – forstå samanhengar mellom demografi, levekår, ressursar og berekraft. Undring og utforsking – undersøkje og bruke statistikk og ulike kjelder for å forstå demografiske utviklingstrekk.	samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. Demokrati og medborgarskap – kan knytast til korleis demografiske endringar påverkar samfunnsutvikling, politiske prioriteringar og deltaking.	- Arbeide med folketalsutvikling og befolkningspyramider. - Undersøkje flytting, urbanisering og migrasjon. - Samanlikne demografiske forhold i ulike land og delar av verda. - Bruke kart, statistikk, diagram og digitale kjelder. - Utforske kvifor folketalet endrar seg, og kva konsekvensar demografiske endringar kan få. - Drøfte samanhengar mellom demografi, levekår, økonomi og berekraft. - Gjennomføre ei eiga undersøking av demografien i to ulike land.	Arena, Aunivers, FN, tabellar og kart. Emne: Demografi
--	--	--	--	---

Tema: 3. Kald krig

Periode: veke 39-49

Læringsmål: Elevane skal forstå årsaker til, utviklinga av og konsekvensane av den kalde krigen, og kunne reflektere over korleis konflikten påverka menneske og samfunn både då og i dag.

Kvifor skal elevane lære dette: Elevane skal lære om den kalde krigen for å forstå ein sentral del av moderne historie og dagens verdssamfunn. Kunnskap om konflikten gir innsikt i korleis ideologiske motsetningar, maktkamp og frykt kan føre til konflikt, og korleis historiske hendingar kan påverke samfunnet også i dag.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
- gjere greie for årsaker til og konsekvensar av sentrale historiske og notidige konflikter og reflektere over om endringar av nokre føresetnader kunne ha hindra konfliktane - drøfte korleis framstillingar av fortida, hendingar og grupper har påverka og påverkar haldningane og handlingane til folk	Samfunnskritisk tenking og samanhengar – forstå samanhengar mellom historiske forhold, analysere	Demokrati og medborgarskap – forstå demokratiske verdiar og prinsipp, ulike	Lære om bakgrunnen for og årsakene til den kalde krigen.	Skriftleg prøve, kreative oppgåver, munnleg deltaking.
				Materiell

• reflektere over korleis menneske har kjempa og kjempar for endringar i samfunnet og samstundes har vore og er påverka av geografiske forhold og historisk kontekst • vurdere på kva måtar ulike kjelder gir informasjon om eit samfunnsfagleg tema, og reflektere over korleis algoritmar, einsretta kjelder eller mangel på kjelder kan prege forståinga vår	årsaker og konsekvensar og sjå ulike perspektiv på den kalde krigen. • Undring og utforskning – undersøkje historiske kjelder og vurdere kor pålitelege og relevante dei er. • Demokratiforståing og deltaking – forstå kvifor konflikthar oppstår og korleis dei blir handterte.	perspektiv og korleis konflikthar kan påverke samfunn og menneske. • Berekraftig utvikling – kan knytast til konsekvensane av krig, konflikt og våpenkappløp for samfunn og menneske.	• Lære om motsetningane mellom USA og Sovjetunionen. • Arbeide med omgrepa kapitalisme, kommunisme, supermakt, ideologi og jernteppet. • Utforske våpenkappløpet, atomtrusselen og romkappløpet. • Undersøkje sentrale hendingar som Berlinblokaden, Koreakrigen, Cubakrisa og Berlinmurens fall. • Bruke kart, bilete, talar, propaganda og andre historiske kjelder. • Samanlikne USA og Sovjetunionen og ulike syn på konflikten.	Arena, Aunivers, powerpoint, ulike tekst, bilde, video. Emne: • Kald krig
--	---	---	---	---

			• Drøfte årsaker, konsekvensar og alternative utfall av sentrale hendingar. • Reflektere over korleis den kalde krigen framleis påverkar verda i dag.	
--	--	--	---	--

Tema: 4. Midtausten

Periode: veke 50-4

Læringsmål: Elevane skal forstå historiske og geografiske forhold i Midtausten og kunne forklare og reflektere over årsaker til konflikhtar, ulike perspektiv og moglege vegar mot fred.

Kvifor skal elevane lære dette: Elevane skal lære om Midtausten for å forstå historiske og aktuelle konflikhtar som har stor betydning både regionalt og globalt. Dei skal utvikle evne til å sjå saker frå ulike perspektiv, vurdere kjelder kritisk og forstå korleis historie, geografi, religion, politikk og menneskerettar heng saman.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
- gjere greie for årsaker til og konsekvensar av sentrale historiske og notidige konflikhtar og reflektere over om endringar av nokre føresetnader kunne ha hindra konfliktane - drøfte korleis framstillingar av fortida, hendingar og grupper har påverka og påverkar haldningane og handlingane til folk	Samfunnskritisk tenking og samanhengar – forstå samanhengar mellom geografiske, historiske og notidige forhold og	Demokrati og medborgarskap – arbeide med menneskerettar, konflikhtar, ulike perspektiv og korleis samfunn	- Lære om geografien og historia til Midtausten. - Få oversikt over religionar, folkegrupper og	Presentasjonar, fagsamtalar, kreative oppgåver, munnleg deltaking.
				Materiell

• utforske og beskrive korleis menneske- og urfolksrettar og andre internasjonale avtalar og samarbeid har betydning for nasjonal politikk, livet til menneske, likestilling og likeverd • vurdere på kva måtar ulike kjelder gir informasjon om eit samfunnsfagleg tema, og reflektere over korleis algoritmar, einsretta kjelder eller mangel på kjelder kan prege forståinga vår	sjå konflikthar frå ulike perspektiv. • Demokratiforståing og deltaking – forstå kvifor konflikthar oppstår, korleis dei blir handterte og kva betydning menneskerettar har. • Undring og utforsking – undersøkje og vurdere ulike kjelder og perspektiv på Midtausten og konflikthane i området.	kan handtere konflikth. • Folkehelse og livsmeistring – kan knytast til identitet, tilhøyrsl, fellesskap og korleis konflikth og utanforskap påverkar menneske.	kulturar i området. • Lære om bakgrunnen for Israel–Palestina-konflikth. • Utforske årsaker til og konsekvensar av konflikthar og krigar. • Arbeide med omgrep som nasjonalisme, sionisme, palestinarar, flykthningar, okkupasjon og menneskerettar. • Bruke kart, tidslinjer, statistikk, nyheitsartiklar og historiske kjelder. • Samanlikne ulike perspektiv og framstillingar av konflikthane. • Undersøkje korleis media og sosiale medium kan påverke forståinga vår.	Arena, Aunivers, filmar, nettstader, kart. Emne: • Midtausten
--	---	---	---	--

			• Diskutere moglege løysingar og utfordringar knytte til fred og samarbeid.	
--	--	--	---	--

Tema: 5. Folkemord og terrorisme

Periode: veke 5-10

Læringsmål: Elevane skal forstå årsaker til og konsekvensar av folkemord og terrorisme, og kunne reflektere over korleis ekstreme haldningar kan førebyggjast gjennom demokrati, menneskerettar og kritisk tenking.

Kvifor skal elevane lære dette: Elevane skal lære om folkemord og terrorisme for å forstå korleis ekstreme haldningar kan utvikle seg til ekstreme handlingar, og kva konsekvensar dette kan få for menneske og samfunn. Kunnskapen skal bidra til kritisk tenking og til å styrkje elevane si forståing av demokrati, menneskerettar og førebygging av ekstremisme.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
- gjere greie for årsaker til og konsekvensar av terrorhandlingar og folkemord, som holocaust, og reflektere over korleis ekstreme haldningar og ekstreme handlingar kan førebyggjast - gjere greie for årsaker til og konsekvensar av sentrale historiske og notidige konflikhtar og reflektere over om	Samfunnskritisk tenking og samanhengar – forstå årsaker og konsekvensar og sjå hendingar frå ulike perspektiv.	Demokrati og medborgarskap – særleg relevant gjennom arbeid med demokratiske	- Lære kva folkemord og terrorisme er. - Utforske årsaker og konsekvensar av folkemord og terrorhandlingar.	Presentasjonar, fagsamtalar, kreative oppgåver, munnleg deltaking.
				Materiell

endringar av nokre føresetnader kunne ha hindra konfliktane • drøfte korleis framstillingar av fortida, hendingar og grupper har påverka og påverkar haldningane og handlingane til folk • vurdere på kva måtar ulike kjelder gir informasjon om eit samfunnsfagleg tema, og reflektere over korleis algoritmar, einsretta kjelder eller mangel på kjelder kan prege forståinga vår	• Demokratiforståing og deltaking – forstå korleis konfliktar oppstår, og korleis ekstreme haldningar og terrorisme kan førebyggjast. • Undring og utforskning – arbeide kritisk med ulike historiske kjelder og framstillingar.	verdiar, menneskerettar, ekstreme haldningar og førebygging av terrorisme. Udir presiserer også at terrorhandlinga 22. juli 2011 skal inngå i opplæringa om dette. • Folkehelse og livsmeistring – kan knytast til menneskeverd, utanforskap, identitet og konsekvensane av ekstreme handlingar.	• Arbeide med Holocaust og andre døme på folkemord. • Lære om 22. juli 2011 og terrorisme i Noreg. • Undersøkje korleis propaganda, fordommar og ekstreme ideologiar kan bidra til ekstreme handlingar. • Arbeide med historiske kjelder, talar, bilete og medieframstillingar. • Vurdere korleis ulike kjelder og framstillingar kan påverke forståinga vår. • Reflektere over korleis ekstreme haldningar og handlingar kan førebyggjast. • Diskutere betydninga av demokrati, menneskerettar og inkludering.	Arena, Aunivers, filmar, powerpointar. Emne: • Folkemord og terrorisme
---	---	--	---	--

Tema: 6. Utøya

Periode: veke 11-12

Læringsmål: Elevane skal forstå kva som skjedde 22. juli 2011, kvifor terrorhandlingane fann stad, og reflektere over korleis demokrati og fellesskap kan motverke ekstremisme og terrorisme.

Kvifor skal elevane lære dette: Elevane skal lære om Utøya og 22. juli for å forstå korleis ekstremisme og terrorisme kan ramme eit demokratisk samfunn. Dei skal få kunnskap om ei viktig hending i norsk samtidshistorie og reflektere over korleis vi kan verne om demokrati, fellesskap og menneskeverd.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
- gjere greie for årsaker til og konsekvensar av terrorhandlingar og folkemord, som holocaust, og reflektere over korleis ekstreme haldningar og ekstreme handlingar kan førebyggjast - gjere greie for årsaker til og konsekvensar av sentrale historiske og notidige konflikhtar og reflektere over om endringar av nokre føresetnader kunne ha hindra konfliktane	Samfunnskritisk tenking og samanhengar – forstå årsaker og konsekvensar og sjå hendingar frå ulike perspektiv.	Demokrati og medborgarskap – særleg relevant gjennom arbeid med demokratiske	- Lære om 22. juli 2011 og terrorangrepa i Noreg. - Undersøkje kva som skjedde på	Presentasjonar, fagsamtalar, kreative oppgåver, munnleg deltaking.
				Materiell

• drøfte korleis framstillingar av fortida, hendingar og grupper har påverka og påverkar haldningane og handlingane til folk vurdere på kva måtar ulike kjelder gir informasjon om eit samfunnsfagleg tema, og reflektere over korleis algoritmar, einsretta kjelder eller mangel på kjelder kan prege forståinga vår	• Demokratiforståing og deltaking – forstå korleis konflikter oppstår, og korleis ekstreme haldningar og terrorisme kan førebyggjast. • Undring og utforsking – arbeide kritisk med ulike historiske kjelder og framstillingar.	verdiar, menneskerettar, ekstreme haldningar og førebygging av terrorisme. Udir presiserer også at terrorhandlinga 22. juli 2011 skal inngå i opplæringa om dette. • Folkehelse og livsmeistring – kan knytast til menneskeverd, utanforskap, identitet og konsekvensane av ekstreme handlingar.	Utøya og i regjeringsskvartalet. • Lære om bakgrunnen for terrorhandlingane og gjerningspersonen sine ekstreme haldningar. • Utforske korleis terrorhandlingane påverka enkeltmenneske, lokalsamfunn og det norske samfunnet. • Arbeide med minne, sorg og fellesskap etter 22. juli. • Bruke og vurdere ulike kjelder og framstillingar av hendingane. • Reflektere over demokrati, ytringsfridom og toleranse. • Drøfte korleis samfunnet kan førebyggje ekstremisme og terrorisme.	Arena, Aunivers, utoya.no, 22julisenteret.no Emne: • Utøya
---	--	--	---	--

Tema: 7. Berekraftig ressursbruk i verda

Periode: veke 13-15

Læringsmål: Elevane skal forstå korleis ressursane i verda blir brukte og fordelte, og kunne reflektere over korleis vi kan bruke ressursane på ein meir berekraftig måte.

Kvifor skal elevane lære dette: Elevane skal lære om berekraftig ressursbruk for å forstå korleis menneska brukar og fordeler ressursane i verda, og kva konsekvensar dette får for menneske, samfunn og natur. Dei skal kunne sjå samanhangar mellom eigne val og globale utfordringar, og reflektere over moglege løysingar.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
beskrive ulike dimensjonar ved berekraftig utvikling og korleis dei påverkar kvarandre, og presentere tiltak for meir berekraftige samfunn	Berekraftige samfunn – forstå samanhangen mellom ressursbruk,	Berekraftig utvikling – det mest sentrale tverrfaglege temaet. Elevane	Lære om naturressursar og ressursfordeling i verda.	Presentasjonar, fagsamtalar, kreative oppgåver, munnleg deltaking.
				Materiell

• utforske korleis teknologi har vore og framleis er ein endringsfaktor, og drøfte innverknaden teknologien har hatt og har på enkeltmenneske, samfunn og natur • samanlikne korleis politiske, geografiske og historiske forhold påverkar levekår, busetjingsmønster og demografi i forskjellige delar av verda i dag • vurdere korleis arbeid, inntekt og forbruk kan påverke personleg økonomi, levestandard og livskvalitet	levestandard og dei økonomiske, sosiale og miljømessige dimensjonane ved berekraft. • Samfunnskritisk tenking og samanhengar – sjå samanhengar mellom natur, samfunn, ressursbruk og menneskeleg aktivitet. • Undring og utforsking – undersøkje og vurdere ulike problemstillingar og kjelder knytte til ressursbruk.	skal forstå samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold og reflektere over dilemma knytte til berekraftig utvikling. • Demokrati og medborgarskap – kan knytast til korleis enkeltmenneske og samfunn kan påverke utviklinga og ta val som bidreg til eit meir berekraftig samfunn.	• Utforske forskjellar i forbruk og ressursbruk mellom land. • Lære om berekraftig og ikkje-berekraftig ressursbruk. • Undersøkje samanhengen mellom forbruk, økonomi, levekår og miljø. • Arbeide med fornybare og ikkje-fornybare ressursar. • Utforske problemstillingar knytte til energi, mat, vatn og råvarer. • Bruke kart, statistikk, diagram og digitale kjelder. • Arbeide med konkrete døme på ressurskonfliktar og interessekonfliktar. • Drøfte dilemma mellom økonomisk utvikling, miljø og sosiale forhold.	Arena, Aunivers, diverse nettstader, ulike elevprodukt/undersøkingar Emne: • Berekraftig resursbruk i verda
---	--	--	--	---

			• Utforske og presentere tiltak for meir berekraftig ressursbruk.	
--	--	--	---	--

Tema: 8. Internasjonal handel og globalisering

Periode: veke 16-18

Læringsmål: Elevane skal forstå korleis globalisering og internasjonal handel knyter land og menneske saman, og kunne reflektere over konsekvensane dette har for økonomi, samfunn og miljø.

Kvifor skal elevane lære dette: Elevane skal lære om internasjonal handel og globalisering for å forstå korleis land og menneske over heile verda er knytte saman gjennom økonomi og handel. Dei skal kunne sjå samanhengar mellom det vi kjøper og forbrukar, og konsekvensane dette kan ha for menneske, samfunn og miljø.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
- utforske og vurdere korleis ulike land og regionar kan samarbeide om økonomiske, politiske og miljømessige utfordringar. - samanlikne korleis politiske, geografiske og historiske forhold påverkar levkår, busetjingsmønster og demografi i forskjellige delar av verda i dag.	Berekraftige samfunn – forstå korleis handel og økonomisk aktivitet påverkar menneske,	Berekraftig utvikling – forstå korleis global handel og forbruk påverkar sosiale, økonomiske og	- Lære kva globalisering og internasjonal handel er. - Utforske import, eksport og handelsbalanse.	Presentasjonar, fagsamtalar, kreative oppgåver, munnleg deltaking.
				Materiell

• beskrive ulike dimensjonar ved berekraftig utvikling og korleis dei påverkar kvarandre, og presentere tiltak for meir berekraftige samfunn. • vurdere korleis arbeid, inntekt og forbruk kan påverke personleg økonomi, levestandard og livskvalitet.	samfunn og miljø. • Samfunnskritisk tenking og samanhengar – sjå samanhengar mellom global handel, økonomi, politikk og levekår. • Undring og utforsking – undersøkje og vurdere informasjon om globalisering og internasjonal handel.	miljømessige forhold. • Demokrati og medborgarskap – forstå korleis internasjonalt samarbeid og økonomiske interesser påverkar samfunn og menneske.	• Undersøkje korleis varer blir produserte og transporterte mellom land. • Arbeide med globale verdikjeder og arbeidsdeling. • Utforske kvifor land handlar med kvarandre. • Undersøkje samanhengen mellom handel, økonomisk vekst og levekår. • Arbeide med frihandel, toll og handelsavtalar. • Utforske både positive og negative sider ved globalisering. • Drøfte korleis internasjonal handel kan påverke miljø, arbeidsvilkår og ulikskap. • Bruke kart, statistikk, diagram og aktuelle døme	Arena, Aunivers, Handelsspelet, kart og tabellar. Emne: • Internasjonal handel og globalisering
--	--	---	---	--

			for å undersøkje global handel.	
--	--	--	------------------------------------	--

Tema: 9. Kultur, samfunn og kriminalitet

Periode: veke 19-21

Læringsmål: Elevane skal forstå korleis kultur og samfunnsforhold kan påverke menneske og handlingar, og kunne reflektere over årsaker til kriminalitet og korleis kriminalitet kan førebyggjast.

Kvifor skal elevane lære dette: Elevane skal lære om kultur, samfunn og kriminalitet for å forstå korleis menneske og samfunn blir påverka av normer, verdiar, levekår og fellesskap. Dei skal kunne reflektere over årsaker til kriminalitet og korleis samfunnet kan førebyggje utanforskap og lovbrøt.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
- reflektere over korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og utfordra i ulike fellesskap, og presentere forslag til korleis ein kan handtere påverknad og uønskete hendingar. - utforske og reflektere over korleis møte mellom kulturar kan føre til ulike former for kulturell endring.	Identitetsutvikling og fellesskap – forstå korleis kultur, identitet og tilhøyrslø påverkar menneske og samfunn.	Folkehelse og livsmeistring – identitet, relasjonar, fellesskap, utanforskap og	- Lære om kultur, normer, verdiar og sosialisering. - Utforske korleis kultur og samfunn påverkar menneskelege handlingar.	Presentasjonar, fagsamtalar, kreative oppgåver, munnleg deltaking.
				Materiell

- vurdere på kva måtar ulike kjelder gir informasjon om eit samfunnsfagleg tema, og reflektere over korleis algoritmar, einsretta kjelder eller mangel på kjelder kan prege forståinga vår. - utforske ulike utfordringar og moglegheiter ved digital samhandling og refleksjonar rundt menneskeverd, personvern og opphavsrett.	Samfunnskritisk tenking og samanhengar – undersøkje samanhengar mellom samfunnsforhold, kultur og kriminalitet. Demokratiforståing og deltaking – forstå rettar, plikter og korleis samfunnet førebyggjer og handterer kriminalitet.	konsekvensar av kriminalitet. Demokrati og medborgarskap – rettsstaten, rettar og plikter, medverknad og korleis samfunnet kan førebyggje kriminalitet. Berekraftig utvikling – mindre sentralt, men kan knytast til sosiale skilnader, utanforskap og levekår.	- Lære om ulike former for kriminalitet og lovbrøt. - Undersøkje årsaker til kriminalitet og ulike forklaringar på kvifor menneske blir kriminelle. - Utforske samanhengar mellom utanforskap, levekår og kriminalitet. - Lære om straff, rettssystemet og kriminalitetsførebygging. - Arbeide med statistikk og aktuelle døme på kriminalitet. - Drøfte korleis media og sosiale medium framstiller kriminalitet. - Diskutere straff versus førebygging, og kva som kan bidra til eit tryggare samfunn. - Reflektere over korleis egne haldningar og handlingar kan påverke andre.	Arena, Aunivers Emne: Kultur, samfunn og kriminalitet
---	---	---	--	--

Tema: 10. Klimaendringar

Periode: veke 22-24

Læringsmål: Elevane skal forstå årsaker til og konsekvensar av klimaendringar, og kunne reflektere over kva menneske og samfunn kan gjere for å møte klimautfordringane.

Kvifor skal elevane lære dette: Elevane skal lære om klimaendringar for å forstå ein av dei største samfunnsutfordringane i vår tid. Dei skal kunne forklare årsaker og konsekvensar, vurdere ulike tiltak og reflektere over korleis enkeltmenneske, samfunn og land kan bidra til ei meir berekraftig framtid.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
• beskrive ulike dimensjonar ved berekraftig utvikling og korleis dei påverkar kvarandre, og presentere tiltak for meir berekraftige samfunn. • utforske korleis teknologi har vore og framleis er ein endringsfaktor, og drøfte innverknaden teknologien har hatt og har på enkeltmenneske, samfunn og natur.	• Berekraftige samfunn – forstå samanhengen mellom klima, miljø, økonomi og samfunn.	• Berekraftig utvikling – svært sentralt. Elevane skal forstå samanhengar mellom klima,	• Lære kva klimaendringar og global oppvarming er. • Utforske naturlege og menneskeskapte	• Presentasjonar, fagsamtalar, kreative oppgåver, munnleg deltaking. Materiell

• samanlikne korleis politiske, geografiske og historiske forhold påverkar levekår, busetjingsmønster og demografi i forskjellige delar av verda i dag. • utforske og vurdere korleis ulike land og regionar kan samarbeide om økonomiske, politiske og miljømessige utfordringar.	• Samfunnskritisk tenking og samanhengar – undersøkje årsaker til og konsekvensar av klimaendringar og vurdere ulike perspektiv. • Undring og utforsking – bruke ulike kjelder, statistikk og data for å undersøkje klimaendringar.	miljø, økonomi og sosiale forhold, og reflektere over korleis menneske og samfunn kan leve meir berekraftig. • Demokrati og medborgarskap – kan knytast til politiske val, internasjonalt samarbeid og korleis menneske kan påverke klimaarbeidet.	årsaker til klimaendringar. • Lære om klimagassar og drivhuseffekten. • Undersøkje konsekvensar av klimaendringar for menneske, samfunn og natur. • Utforske kvifor klimaendringar rammar ulike delar av verda ulikt. • Arbeide med klimastatistikk, kart, grafar og andre kjelder. • Undersøkje kva Noreg og andre land gjer for å redusere utslepp. • Lære om klimatilpassing og utsleppskutt. • Drøfte ulike klimatiltak og dilemma. • Reflektere over egne val og samfunnets ansvar.	Arena, Aunivers, filmar, tabellar, kart. Emne: • Klimaendringar
---	--	--	--	---

Meland ungdomsskule